



Med støtte frå stønadsordninga Utsiktsrydding er Friluftsplassen rydda for kratt og buskar.

Arbeidet dei siste åra syner eit meir aktivt friluftslag enn på lenge, På årsmøte i går vart Ove Magne Myhre attvald som leiar. Med seg i styret har han: Audun Eik, Kristian Bringedal, Einar Gjertsen og Jofrid Eik. Varamedlemer er: Tormod Myklebust og Trond Johannes Myklebust. I møterommet er det montert varmepumpe og heile plassen er rydda for skog og kratt.

Varmepumpe med avfuktar vil føra til eit langt betre inneklima i møterommet og på toaletta. Kodens kan på varme dagar vera eit problem.

Friluftsplassen er som ein park sentralt plassert i Uskedalen. På toppen av Skårhaug er det utsiktspunkt med informasjonstavle og gapahuk. Ei sentral arbeidsoppgåve framover er å driva vegetasjonspleie for å halda kratt og underskog nede.

Årsmøte var samd i å bruka plassen meir til friluftsføremål med opparbeidde stiar og rasteplassar. Alt fyrstkomande laurdag vert risdungen fjerna. Det vert gjort av Bondelaget. 5 av tilsaman 10 medlemslag møtte fram på årsmøte

To viktige tiltak med datoar vart bestemt:

- 9. mai kl. 17: Dugnad med klargjering til 17. mai
- 13. juni: Friluftskonsert

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal